

Velkommen til Bygdelagshusets møtesalar



Adresse: Nordahl Bruns gate 22, Oslo

Epost: bygdelagshuset@bls.no

Utleigekontakt: Jøran Normann, mobil: 9803 1882

Vi tilbyr lokale for møte, øvingar og framføring (teater, kor, dans), dansetilstellingar og meir.

I dette skrivet finn du ein kort omtale av salane som vi har: Storsalen, Halli og Blåsalen. Og eit kafelokale for enkel servering.

Storsalen

Salen er på om lag 165 m² og har nok stolar og bord for store grupper eller møte.

Salen har scene for framføring (kor, teater, konsert). Der er også piano. Det er inngang både frå kafeen i underet. og direkte frå Nordahl Bruns gate, og eigen garderobe/toalett. Inngang frå Nordahl Brunsgate og inn til salen må avtalast før bruk.

Felles kafeområde i underetasje.

Internett:	Fungerer, men dårleg dekning
Prosjektor/lerret:	- / Ja
Scenelys:	Ved behov. Ikkje lys for å lese noter
Forsterkar og miksepult:	Ja



Storsalen



Garderobe til Storsalen, inngang frå Nordahl Bruns gate

Halli

Salen er på 115 m² og har scene for framføring (kor, teater, konsert).
Det er 35 bord og 90 stolar. Inngang frå innvendig gårdsplass.
Felles kafeområde i underetasje

Internett:	Ja
Prosjektor/lerret:	Ja/Ja
Scenelys:	Scenelys for framføring. Ikkje lys til å lese notar
Whiteboard/flipover:	Ved behov
Forsterkar og miksepult:	Ja



Halli, sett mot scenen.

Blåsalen

Salen er på 69 m² og har 11 bord og 48 stolar.
Inngang frå innvendig gårdsplass. Felles kafeområde i underetasje

Internett:	Ja
Prosjektor/lerret:	- /Ja
Whiteboard/flipover:	Ved behov
Forsterkar og miksepult:	Ja



Blåsalen

Kafeområde i underetasje

Det er eit kafeområde som kan brukast av alle salane. Dette er på 128 m², og det er garderober og toalett ved inngang.

Her kan du lage til enkel servering. Det er kaffi/te-kanner, traktarar og vasskokarar og vanleg kjøkkenutstyr. Leigetakar har sjølv med forbruksmateriell som pappkrus, kaffi/te med meir.

Kapasitet: 14 bord, med 72 stolar
Internett: Ja



Kafeen

For alle salane:

Møteutstyr som whiteboard og flipover er tilgjengeleg.

Skiltbukk: Tilgjengeleg

Sko:

Om du bruker utesko i salane, tørk godt av såler får du går inn i salen. Ikkje gå inni salen med våte sko. For Storsalen; dør frå salen og ut til gårdsplass eller til gata skal ikkje brukast som inngang.

Kontakt Jøran Normann, mobil: 9803 1882, for meir informasjon.